

Kulturdepartementet
Pb. 8030 Dep
0030 Oslo
postmottak@kud.dep.no
2011

Førde, den 15. april

Ref: 2010/05024 ME/ME3 HHO:elt

Høringsfråsegn frå Firda Media AS til NOU 2010:14 "Lett å komme til orde – vanskelig å bli hørt"

Det blir vist til høringsbrev frå departementet av 17. januar 2011.

Firda Media AS:

Firda er den største avisa i Sogn og Fjordane, med utgjeving seks dagar i veka. Firda er dessutan kalla "verdas største nynorskavis", og blir følgjeleg redigert på nynorsk. Avisa dekker 12 kommunar i eit stort geografisk område mellom fjord og fjell, bre og hav. Nettavisa vår, firda.no, inneheld siste nytt frå heile fylket. Hovedredaksjonen ligg i fylkessenteret Førde, men vi har lokalkontor med ein tilsett på kvart av kontora i Flora og Gloppen kommunar. Kommunane vi dekker er: Førde, Flora, Jølster, Naustdal, Gaular, Gloppen, Høyanger, Fjaler, Hyllestad, Askvoll, Solund og Gulen.

Firda er ei avis som definerer seg sjølv på aksen mellom det lokale og regionale, men blir av mange i fjordfylket rekna som fylkesavis. Grunnen til det er nok at vi har stort fokus på politiske prosessar som omhandlar heile fylket, fylkesrelatert næringsliv, samt sterkt søkjelys på helse- og sjukehuspolitikk i fylket. Men i tillegg til dette har vi sterkt fokus på å vere gode nok på dekkinga av lokalstoffet frå kommunane våre. Dette så vel innan kulturlivet som politikk og næringsliv.

I likheit med andre aviser er også vi relativt ofte ute i marknaden med temastoff både som del av avisa og som ekstra aviser.

Firda har eit opplag på 13.330. Kvar utgåve har 42.000 lesarar i følgje Forbruker & Media 2011/1.

| Folketalet i dekningsområdet: | Folketal |
|-------------------------------|----------|
| Førde | 12 146 |
| Flora | 11 588 |
| Naustdal | 2 686 |
| Jølster | 3 020 |
| Gaular | 2 801 |
| Gloppen | 5 702 |
| Høyanger | 4 281 |
| Fjaler | 2 853 |
| Hyllestad | 1 500 |
| Askvoll | 2 995 |
| Solund | 871 |
| Gulen | 2 295 |

| | |
|------------------|---------|
| Sogn og Fjordane | 107 635 |
| | |

Som ein ser er dekningsområdet til Firda stort, men avisa blir likevel sett på som den viktigaste informasjonskanalen for dei fleste vaksne i området. I følgje ei fersk M-faktamåling har avisa også svært stort truverde blandt lesarane. Firda.no er dessutan ei av svært få lokale nettaviser som er større enn Verdens Gang i sitt område. Det er vi stolte av og byggjer vidare på. Vi blir stadig betre også her.

Firda er ei avis som har bygd stein på stein sidan oppstarten i 1917. A-pressen kjøpte avisa i 1996 frå Nordeide-familien.

Fakta om nettavisa, firda.no:

Sidevisningar 1.1. 2011 – 14.04.2011

Totalt: 9.403.041

Gjennomsnitt for kvar dag: 90.414

Unike brukarar 1.1.2011 – 14.04.2011

Gjennomsnitt for kvar dag: 13.445

Statistikk for Fjordaglimt, Origio:

Medlemmer per 14.04.2011: 4255

Runda 3000 medlemmer like etter årsskiftet 2010, runda 4000 like etter årsskiftet 2011. Altså ein medlemsvekst på rundt 1000 det siste året.

Firda sin forretningsidé:

Hovudproduktet til Firda Media AS skal vere lokale medier, som gjennom truverdig, nær og uavhengig journalistikk skal ta høgde for og stette informasjonsbehovet til lesarane og fyller oppgåva som den viktigaste kanalen for det frie ordskiftet i det til ei kvar tid definerte dekningsområdet. Den publisistiske verksemda er tufta på det etiske regelverket i pressa og på Redaktørplakaten. Ein dynamisk organisasjon av motiverte medarbeidarar skal, saman med strategisk samarbeid med andre mediebedrifter, legge grunnlaget for sterk konkurransevne og økonomisk verdiskaping. Med fokus på kvalitet, engasjement og lønsemd skal Firda Media AS vere den leiande informasjonsbedrifta i Sogn og Fjordane.

Visjon: Firda gir folk meir å snakke om.

Firda Media AS hadde i 2010 ein omsetnad på vel 76 mill. kroner. Driftsresultatet var på kr. 8,2 mill.

Firda har 58 tilsette, av dei er 21 i redaksjonen.

Firda er med i annonsesamkøyringa Media Vestlandet, med i alt sju aviser i Sogn og Fjordane og Hordaland.

VÅRT SYN:

Pressestøtta:

Firda Media AS mottek ikkje produksjonsstøtte, og har aldri gjort det. Dette er likevel ei svært viktig støtte dersom ein ønskjer å oppretthalde medie/avismangfaldet i Norge. Ingen bør tvile på at mange aviser vil døyd utan denne støtte. Blir den tatt vekk, eller redusert, vil såleis mange stemmer tagne. Og dei som ikkje ville døyd umiddelbart, ville uansett måtta redusere så mykje av den redaksjonelle aktiviteten sin, at den publisistiske rolla ville bli marginalisert, noko som såles ville innebere mindre relevant stoff og færre lesarar. Altså aktiv dødshjelp, ei utarming, med eit sluttresultat som vil innebere avvikling.

Det er såleis positivt at nesten heile utvalet går inn for å auke produksjonstilskotet.

Forslaga om å auke produksjonstilskotet med 10 % (fleirmedialitetsalternativet) og 15 % (omfordelingsalternativet), strekk likevel ikkje til i høve til den reelle verdien produksjonstilskotet hadde i 1993. Vi er fleire redaktørar som har drøfta dette, og framlegget frå Firda Media AS, i likskap med fleire andre, er i stadan at budsjettramma for produksjonstilskot i statsbudsjettet for 2012 blir auka til nivået i 1993, og at stigningstakta frå no blir knytt til prosentvis auke i NRK-lisensen.

Vi er samde i at produksjonstilskotet over statsbudsjettet blir fordelt på ein slik måte at både avisopplaget på papir og den digitale kopien blir rekna med, slik også heile utvalet foreslår som strakstiltak.

Når det gjeld framtidig nøkkel for fordeling av produksjonstilskotet mellom avisene, meiner Firda Media AS at den må vere den same for store og små aviser. Det ville vere svært uheldig, dersom store og små aviser blir behandla ulikt, slik utvalet foreslår. Truleg er revisorgodkjent betalt opplag på alle format den beste nøkkelen, også i framtida. Men når definisjonane av betalt avisinnhald og netto dekning er tilstrekkeleg klare, kan betaling for avisinnhald og netto dekning truleg vera tenleg. Ein ny, vektta nøkkel må i så fall trappast opp over fleire år, slik at ordninga ikkje blir endra brått frå det eine året til det neste.

Moms:

Når det gjeld framlegget om avismoms på 8 % i omfordelingsalternativet, vil Firda Media AS sterkt frårå dette. Det må vere mykje enklare og betre å støtte aviskjøparane ved å frita aviskjøp for moms, enn å innføre ei støtteordning for mediebedriftene. Vi meiner derfor det er viktig med framleis avgiftsfritak for avis, og meiner dette må utvidast til å omfatte også dei digitale utgåvene av avisa. Når ny teknologi fører til at avisinnhaldet vil bli tilbode for sal stykkevis og delt, krev det ein klar definisjon, som redaksjonen kan etterleve i det daglege.

KONKLUSJON:

I hovudsak har mediepolitikken som har blitt ført i Norge vore svært vellykka, for små som store medieorganisasjonar. Den må i hovudsak videreførast, slik fleirmedialitetsalternativet tek til orde for. Mangfald og ein høg etisk standart har vore kjernefaktorar som både styresmaktene og presseorganisasjonane har forfekta. Men vi ser at det stadig dukkar opp nye utfordringar, og at den frie pressa, med eit definert samfunnsoppdrag, stadig blir sett under press.

Vi meiner at tida vi lever i treng eit mediepolitisk regime, både frå eigarar og styresmakter, som stimulerer og byggjer opp under samfunnsoppdraget, det frie og

aktive ordskiftet, samt den seriøse informasjonsstraumen frå seriøse medieorganisasjonar.

Dette betyr at stabile og gode rammevilkår er sentralt. Både pressestøtta og momsen er rammevilkår som vil svekke eller styrke pressa si evne til å utøve oppdraget. Vi ønskjer ei klar styrking, og ber difor om at pressestøtta blir auka i staden for redusert/tatt bort, og at det blir heilt momsfritt å utføre samfunnsoppdraget både på papir og nett.

Med beste helsing
FIRDA MEDIA AS
v/ Jan Atle Stang
sjefredaktør